



Alverporten As  
Radøyvegen 239  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1555 - 23/73897

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
22.09.2023

## Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Alver kommune viser til søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering på egedomen gbnr 188/385 Gjervik ytre.

Statens vegvesen har hatt nabomerknadar til saka.

Søknaden vart behandla av Utval for areal, plan og miljø i møte 20.09.2023 i sak 119/23, der følgjande vedtak vart fatta:

### **APM- 119/23 Vedtak:**

**Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik sentrum for kravet om at parkering skal skje i vertikalnivå 1, jf. § 3.1.9, og anleggs- og riggområde #12, jf. 3.2.6.d, for etablering av overflateparkering på gbnr 188/385. Det vert også gitt dispensasjon frå arealføremåla anna veggrunn grøntareal, o\_VG, gang- og sykkelveg, o\_GS, og veg o\_KV i områdereguleringsplanen for tunnel på FV. 57.**

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og opphører når anleggs- og riggområdet er friggitt og/eller egedomen kan nyttast i tråd med regulert føremål.
2. Før det vert gjeve løyve til etablering av parkeringsplassen eller løyve til endring av godkjend tiltak på delområda BS7 og BS8, skal det liggja føre
  - a. tinglyst avtale om parkeringsrett, både til overflateparkering og i parkeringskjellar i framtidig bygg på gbnr 188/385, for godkjend bustad- og forretningsbygg på BS7 og BS8.
  - b. dokumentasjon/utgreiing som viser at nødvendige parkeringsplassar for godkjend tiltak på BS7 og BS8 også er sikra oppfylt dersom arealet skal takast i bruk til anleggs- og riggområde, eller i anleggsperioden ved oppføring av nytt bygg på egedomen.

1. **Privatrettsleg avtale om rett til etablering av avkøyrsløype over gbnr 188/389 må liggja føre før det vert gjeve løyve til å etablera parkeringsplassen.**
2. **Kulvert under veg skal etablerast for å sikra tilkomst til framtidig parkeringskjellar i del av BS7 som er bandlagt.**
3. **Løysing for overvasshandtering frå eigedomen må inngå i godkjend VA-rammeplan.**
4. **Det vert søkt om og gitt avkøyringsløyve til kommunal veg. Tilkomst til arealet må inngå i godkjend teknisk vegplan.**

**Vedtaket er gjeve med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §19-2, jf. §19-3 og §12-4 (Rettsverknad av reguleringsplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen for klagevurdering**

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om mellombels dispensasjon for etablering av overflateparkering - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Revidert dispensasjonssøknad for parkeringsplass - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Parkering faser  
Dispensasjonssøknad  
Uttale til revidert søknad - Etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum - gbnr 188 /385 Gjervik ytre  
Uttale VEG - i samband med revidert søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Kommentar til uttalelse fra SVV  
2023-02-17 Merknad\_SVV  
Merknad til nabovarsel - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
epost - Nabovarsel -

**Mottakarar:**

Alverporten As  
Arc Arkitekter As  
Statens vegvesen

Radøyvegen 239	5911	ALVERSUND
Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM
Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER